

# Bynamnet *Stavanger*

Av Inge Særheim

*Namn och bygd* 110 (2022), 27–48.

Inge Særheim, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger: The city name *Stavanger*.

## Abstract

There has been much discussion about the origin of the city name *Stavanger*, Old Norse *Stafangr*, in south-west Norway. There is consensus that the final element is from the Old Norse *\*angr* m., meaning ‘bay’, ‘fjord’ and that the first element is from the Old Norse *stafr* m. ‘stick’, ‘pole’, however, there are various suggestions regarding what lies behind these words. Some previous interpretations are discussed in this article. Does the first element refer to a special boundary mark, to a steep mountainside or to a bay with a straight formation? Exploring the development of discussions around the name *Stavanger* is also of interest. These two words appear in several place names in Scandinavia, making studying possible parallels relevant.

Keywords: Norway, Stavanger, toponyms, city names, *angr*-names, ON *stafr* m.

## 1. Innleiing

Det har vore mykje diskusjon om bakgrunnen til det sørvestnorske bynamnet *Stavanger*. Både forskarar innom arkeologi, historie, språk- og namnevitenskap og personar med allmenn interesse for stadnamn og kulturhistorie har teke del i ordsiftet, som er ført i så vel faglitteratur som i lokalhistoriske publikasjonar og dagsaviser. Debatten om kva namneledda *Stav-* og *-anger* siktar til, har blussa opp med jamne mellomrom, også dei siste åra. Det har lenge vore full semje om at det språkleg sett er gno. *stafr* m. ‘stav, stokk’ som er føreledd, og at gno. *\*angr* m. ‘fjord, vik’ er etterledd, men kva som er real bakgrunn for dei to namneledda, finst det mange meiningar om. For å kunna sjå dette spørsmålet i ein større samanheng vil tidlegare tolkingsfreistnader bli omtala. Det kan også ha interesse å sjå nærare på korleis sjølve diskusjonen om bynamnet har utvikla seg. Eit skilsetjande bidrag i diskusjonen er Helles grundige drøfting av bynamnet i boka *Stavanger fra våg til by* (1975); ein kan gjerne dela ordsiftet inn i tida før og tida etter Helle 1975. Også i dei 47 åra som har gått sidan Helles bok kom ut, er det lagt fram interessante bidrag. Ettersom dei to namneledda førekjem i mange skandinaviske stadnamn, vil det også bli sett på moglege parallellar.

Gno. \**anгр* m. er nytta som etterledd i meir enn 70 fjord- og vågnamn i Noreg (NSL s. 73 f.). Ein reknar med at desse namna er laga i hundreåra før vikingtida, for det er ikkje funne *anгр*-namn på Island, og ordet synest stort sett vera utdøydd tidleg på 800-talet. Dette nemnet finst også i 30–40 innsjønamn, dessutan i 15–16 namn i Sverige, hovudsakleg langs Norrlands-kysten. Etymologien til ordet er noko omstridd (jf. nedanfor). Mange reknar med at ordet er skylt bl.a. gno. *ongull* m. ‘krok, ongel’ (opphavleg ‘noko bøygd’), til ei indoeuropeisk rot med tydinga ‘bøya’, og at det i fjord- og vågnamn tyder ‘bukta, havarm’ (NSL loc. cit.).

Gno. *stavr* m. ‘stokk, stav’, som av A. Torp (1919 s. 708) er ført til ei germ. rot med tydinga ‘vera stiv’, har ulike bruksmåtar i skandinaviske stadnamn. O. Rygh skriv at ordet i usamansette og samansette gardsnamn «kan tildels skrive sig fra dets Anvendelse som Fjeldnavn»; det er også nytta om «langt fremstikkende Halvøer og Nes, der havde saadan Form, at de kunde sammenlignes med en Stav» (NG Indl s. 78); som døme på det sistnemnde er det nemnt *Stavenes* og *Stavnes* (dels uttala *Stamnes*). Også i NSL (s. 424 f.) heiter det at *stav* i fleire namn siktar til ‘bratt fjell’ og ‘kvasse fjelltindar’, men det er også vist til G. Indrebøs granskningar av norske innsjønamn der det for namn som *Stavsjø(en)*, *Stavtjørn(a)*, *Stavtjern(et)* og *Stavvatn(et)*, som førekjem fleire stader, er rekna med bakgrunn i at vatna er beine og lange, med andre ord ei tyding ‘bein som ein (liggjande) stav’; i somme høve er det den eine sida av innsjøen som er rett (Indrebø 1924 s. 187 f.). Også eit namn som *Stavå(a)* skal i nokre høve ha bakgrunn i rett form. Ifølgje NSL (loc. cit.) kan ordet i andre namn sikta til stavar som er oppsette som grensemerke eller vegvisarar. NSL nemner også at namnet *Staven* frå Agder har bakgrunn i at dette er grensepunkt mellom to kommunar og fylke. I dette området er elles nemninga *hornstav* nytta om grensepunkt.

Ifølgje SOL (s. 301 f.) kan *stav* m. i svenske stadnamn sikta til «gränsmärken, klippstup eller resta stavar som haft en funktion i den förkristna kulten» (SOL s. 301 under *Stavby* og s. 302 under *Stavnäs*). Under *Stavsnäs* (SOL s. 302) er det føreslått bakgrunn i «sjömärke». Ordet *stav* m. ligg også føre i danske stadnamn med ulike bruksmåtar. I *Stavsdal* (Bornholm) føreslår B. Jørgensen (DSt s. 271) tydinga «Dalen der har form som en stav», medan ordet i *Stavids Å* (Odense; *Staffvads Aa* 1589) skal vera nytta om «Det stavbelagte vadested». I *Stavtrup* (Århus) er tydinga «grænsemærke» føreslått (DSt s. 270 f.).

## 2. Diskusjonen om *Stavanger*-namnet

### 2.1. Før Knut Helle 1975

Det vestnorske stadnamnet gno. *Stafangr* er første gongen nemnt i Arnor Jarleskalds lokvad Hrynhenda til kong Magnus Olavsson, der det bl.a. heiter: «stirðum helt of Stafangr norðan» (nordfrå styrte då ut framom Stavanger). Kvadet skal vera framført for kong Magnus før han døydde i 1046. Ein har til vanleg rekna med at det her er tale om Stavanger i Rogaland, men dette *angr*-namnet førekjem også i Sunnfjord, nemleg gardsnamnet *Stong* (gno. *Stafangr*) i Askvoll, så det kan ikkje utelukkast at det er staden i Sunnfjord som er nemnd i kvadet; men mest truleg gjeld det, ifølgje mellomalderhistorikaren Knut Helle, *Stafangr* i Rogaland. Namnet på bispedømet er i eit pavebrev frå 1154 i latinisert form skrivne *Stawangriensem*. (Helle 1975 s. 11 f.)

Som kuriosita kan nemnast nokre tidlege namnetolkingar. Humanisten Absalon Pedersson Beyer skriv alt på 1500-talet at byen eigentleg heiter *Stadander*, altså ‘den andre staden’ (dvs. byen). Den eldste byen i Noreg var Tønsberg, og Stavanger skal altså ha vore nummer to (Storm 1895 s. 113 f.). I Norrigris Bescriuelse (1613) avviser Peder Claussøn Friis denne forklaringa og hevdar at namnet skal vera *Stodvanger*, med bakgrunn i at det nærliggjande området Jæren var rikt på korn, og kjøpstaden ‘stod ved’ og stilte hungeren til dei som svalt, noko som visstnok særleg galdt folk i det området som pga. stor dyrtid vart kalla *Hardanger* (Storm 1881 s. 321 f., jf. også Erslund & Solli 2012 s. 46); namnet *Hardanger* er her tydelegvis feiltolka som gno. *harðangr* m. ‘hard tid, trengsel, naud’. Desse fantasifulle forklaringane er sette fram lenge før moderne namnevitskap var utvikla med krav om å basera tolkinga av gamle stadnamn på eldre skrivemåtar og nedarva lokal uttale.

I Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse (frå 1745) skriv amtmann Bendix Christian de Fine at Stavanger har fått namnet sitt av ein liten rund stein i Østervåg «i Byen som da kaldtes *Stav*, der betyder et *Støe*, eller et *Stæd*, hvor Baade eller smaae Fartøyer fortøyes, og *Anggur* eller *Anger* er een Viig eller Bugt, hvor Havet løber ind»; han legg til at denne steinen «kaldes endnu *Stav* eller *Stavange*» (de Fine s. 62). Ifølgje utgjevaren Per Thorson kjem denne tolkinga frå den islandske historikaren Torfæus, som i verket *Historia rerum Norvegicarum* (1711, på latin) skriv at Stavanger har namn etter «eit skjer i nærleiken, som heiter *Staf*, og ordet *angur*, som tyder hav [fjord] i det gamle målet» (Thorson i de Fine s. 212). Torfæus bruker det latinske ordet *scopulos*, som ifølgje Steinnes & Vandvik (1965 s. 714) tyder ‘knaus, hammar, stein; skjer’. Dette skjeret vart seinare innmura i Steinkaret (der mindre båtar vart reparerte) og deretter i Steinkarkaien (Berntsen 1939 s. 93 f., Hovda 1964 s. 82). Ifølgje Thorson (i de Fine loc. cit.) skal klokkar H. Smith i 1760-åra ha stadfesta at



Fig. 1. Utsnitt av kart over Stavanger med omland, teikna av byskrivar Ulrik Frederik Aagaard 1726. Ytste delen av neset mellom Vågen og Østervåg er dreia litt i vestleg retning. Frederik den Femtes Atlas, bd. 40, kart 70. Det Kongelige Bibliotek, København. [www5.kb.dk/maps/kortsa/2012/jul/kortatlas/object79161/da/](http://www5.kb.dk/maps/kortsa/2012/jul/kortatlas/object79161/da/)

dette skjeret (eigentleg ein baa) vart kalla *Stavanger*. På U.F. Aagaards bykart frå 1726 er skjeret kalla *Stavanger Steen* (jf. fig. 1). Thorson understrekar at framlegget om at bynamnet kjem av eit skjernamn *Stav* og *Stavanger*, er «ein konstruksjon av Torfæus» (de Fine loc. cit.).

O. Rygh skriv i *Norske Fjordnavne* at bynamnet *Stavanger* har namn etter «den lille Fjord der gaar ind til Byen *Stavanger*» (Rygh 1896 s. 34). Truleg meiner han her Vågen, ikkje den lengre Byfjorden, som går frå Tungenes til Stavanger. I NG 12 skriv A. Kjær sameleis at det sørvestnorske bynamnet opphavleg er «Navn paa den lille Fjord, der gaar ind til Byen *Stavanger*» (NG 12 s. 246 f.).



Fig. 2. Stavanger omkring 1350. Kartteikning: Ellen Jepson, etter grunnlag av Helle (1975 s. 132).

Å setja dei to namneledda i samband med topografien i området har vore det klart vanlegaste grunnlaget for tolkingar av bynamnet. I Stavangers historie i middelalderen siterer arkeologen A.W. Brøgger ei forklaring som M. Olsen skal ha gjeve: «*Stafangr* har sandsynligvis oprindelig været navn paa den lille vaag som fra nord gaar ind til Stavanger» (Brøgger 1915 s. 2), dvs. eit eldre namn på Vågen. Olsen peikar på at «Første led *staf*r, har visstnok hensyn til den temmelig smale vaags rette løp» (loc. cit., jf. fig. 1, 2 og 3). Rektor Andreas Emil Erichsen ved Stavanger katedralskole skal sameleis ca. 1905 ha understreka at bynamnet hadde tydinga «den rette, ligeløbende Fjord» (Erichsen u.å. [ca. 1905] s. 5, jf. Iversen 2020a s. 126).

Lokalhistorikaren S. Austrumdal (1937–38 s. 76) derimot meiner at namnet har bakgrunn i kulturelle tilhøve, og argumenterer for at føreleddet *Stav*-kan sikta til ein gammal kultstad for grøderikdomsdyrking. Dette synspunktet

byggjer etter alt å døma på M. Olsens tolking av det bohuslänske soknenamnet *Harestad* (*Harondastaf* 1388) som ‘fallosstav’ (Olsen 1915 s. 151 f.); ei rimelegare tolking av *Harestad* er gjeven av Nyman (1992, 2000 s. 304 f.), jf. også SOL s. 120 f. Å forklara *Stav-* i namnet *Stavanger* som minne om fallosdyrking, ein fallosstav, har også vore framme i diverse avisinnlegg i nyare tid, bl.a. av Pål Mitssem (2020), som reknar med at føreleddet siktar til at det har stått ein penisliknande stein ved Vågen; fleire slike steinar (ofte omtala som heilage kvite steinar) er funne i Rogaland. Nemnast i denne samanhengen kan elles P. Hovdas tolking av det gamle øynamnet gno. *Sjorn* (Sjernerøy), der det også er vist til heilage kvite penissteinar som er funne ved kyrkja. Han reknar med at *Sjorn* har språkleg samband med gno. *serða* vb. ‘ha lekamleg omgang’ (Hovda 1972 s. 17 f.), men denne tolkinga har ikkje fått tilslutning, korkje språkleg eller Realt. Det synest vanskeleg, helst uråd, å finna saklege haldepunkt for at føreleddet i namnet *Stavanger* skal sikta til at området ved Vågen tidlegare har vore ein kultstad, eit senter for grøderikdoms- og falloskult. Det er likevel ikkje urimeleg at ordet *stav* i nokre gamle nordisk stadnamn har sakral referanse, jf. det svenske *Nälsta* (Spånga sokn, Sollentuna herad), skrive *nærthastaff* 1354, der føreleddet er tolka som genitiv av gudenamnet *Njörd* (Njord), jf. Vikstrand 2001 s. 292 ff. og Nyman 1992 s. 205.

Fleire har peika på at ordet *stav* i mange stadnamn er nytta om bratt fjell (jf. den karakteristiske Trænstaven i Nordland), og ein har difor leita etter fjell i Stavanger-området som føreleddet kunne ha samband med. Dette har vore sterkt styrande for diskusjonen om opphavet til namnet. Prost L. Solheim (1940, 1947) har gått inn for at fjellknausen Kalhammarodden er ‘staven’, og at etterleddet *-angr* siktar til fjorden som går inn mot Byvågen, med andre ord til Byfjorden. Ei innvending mot denne tolkinga er avstanden frå Kalhammaren til det området som tettstaden voks fram frå: Svithun-kyrkja (domkyrkja) og bispegarden. Frå Kalhammarodden til munningen av Vågen er det meir enn ein kilometer, medan det er vel 600 m frå munningen av Vågen til vågsbotnen.

Også andre lokalitetar har blitt peika ut som mogleg bakgrunn for dei to namneledda. Hovda hevda i Stavanger Aftenblad 20. 5. 1955 at føreleddet kunne sikta til høgda (med Petrikyrkja) som vender mot Østervåg. Etterleddet var med andre ord ifølgje Hovda nytta om Østervåg, ein våg som ligg aust for neset på austsida av Vågen (jf. fig. 2). Østervåg har lunare og betre hamnetilhøve enn Vågen; her låg det naust og båtstøer i mellomalderen. Denne staden synest likevel vera ein mindre høveleg kandidat, bl.a. fordi Østervåg synest vera ein mindre typisk *angr* enn Vågen, meir ei buktande kystline, og fordi det er vanskeleg å sjå kva som skal vera staven dersom Østervåg skal reknast som *angr*; den vesle og lite iaugefallande høgda med Petrikyrkja er ingen god kandidat.



Fig. 3. Rekonstruksjon av Stavanger ca. 1300. Modellen er laga av Reza G. Ghoumi for Stavanger museum. Publisert i *Frå haug ok heiðni* 2003:4. S. 5. Foto: Arkeologisk museum i Stavanger.

I 1955 kom det fleire debattinnlegg i Stavanger Aftenblad om namnetydinga. Lokalhistorikaren S. Engen (Stavanger Aftenblad 28.5. 1955) gjekk inn for at vågen som er kalla Hillevågsvatnet, kunne vera *-angr*, medan *Staf-* sikta til nokre bratte berg langs Strømviglandet; Hillevågsvatnet har eit trengt innlaup. Dette synest likevel mindre rimeleg, pga. manglande synskontakt mellom Hillevågsvatnet og desse berga; bergknattane er heller ikkje særleg bratte sett frå sjøen (jf. nedanfor).

Museumsstyrar A. Midbrød (1960, 1975) har drøfta nokre andre namn frå Sør-Rogaland med ordet *stav*, bl.a. namn der ordet ser ut til å vera brukt jamførande om liggjande stavar, og han konkluderer med at føreleddet i *Stavanger*-namnet er «en eldgammel betegnelse for neset og høyderyggen mellom Vågen og Østervåg» (Midbrød 1960 s. 52). Namnet *Skagen* frå dette området, med tydinga ‘framstikkande odde av land’, skal også sikta til dette neset. Han viser dessutan til at føreleddet i namnet *Valberget* frå dette neset kan vera gno. *vōlr* (genitiv *valar*) ‘rund stokk’, noko som synest uvisst, men ikkje utenkjeleg.

E. Vågslid, som meiner at føreleddet *stav* siktar til ei «stong til siglemerke» (Vågslid 1963 s. 176), peikar på at det kan ha stått ein stopul på Grasholmen eller Lindøyna (Vågslid 1974 s. 536). Tolkingsframlegget er ikkje nærare grunngeve, og er difor vanskeleg å slutta seg til.

Nokre forskarar, bl.a. I. Modéer (1936 s. 9 ff.) og P. Hovda (1964 s. 81), har peika på at mange vågar og fjordar med namn på *-angr* har trøngt innlaup; ordet *\*angr* vart følgjeleg rekna som etymologisk skyldt adjektivet gno. *oŋgr* ‘trøng’. Også dette synspunktet har vore styrande for diskusjonen om namneopphavet. Trøngt innlaup høver med dei fleste vågane med *angr*-namn i Rogaland, t.d. *Sandanger* (Hjelmeland; fig. 8), *Leirang* (Forsand og Tysvær), *Lindanger* (Tysvær) og *Tananger* (Sola). Det vart følgjeleg leita etter vågar med trøngt innlaup i Stavanger-området. Ein aktuell kandidat kunne kanskje vera den nemnde vågen *Hillevågsvatnet*, som har trøngt innlaup med fjellknausar på sidene. Men det kan innvendast at Hillevågsvatnet ligg eit godt stykke – meir enn ein kilometer – borte frå det sentrale området for framveksten av byen. Fleire forskarar, bl.a. G. Indrebø (1924 s. 245 ff.), G. Holm (1991 s. 13 ff.) og O. Nes (1992/93 s. 99), har elles på overtydande måte argumentert for at grunntydinga i ordet *\*angr* er ‘bøya’, ikkje ‘trøng’. Ordet siktar m.a.o. opphavleg til noko som bøyer seg inn i terrenget; også det høver godt for lokalitetar med dette nemnet i Rogaland, noko som også gjeld dei som har trøngt innlaup.

Jamvel den vesle innsjøen – eller rettare: tjørna – *Breiavatnet*, som ligg like ved domkyrkja og bispegarden (jf. fig. 2), har blitt føreslått som bakgrunn for etterleddet *-angr* (Hovda 1964 s. 138), med ein fjellknaute like ved (kanskje Tivolifjellet) som staven. Då sjøen stod høgare i dette området, var dette vatnet nemleg ein liten våg med trøngt innlaup (der Skolebekken seinare rann) inn frå sjøen. Denne tolkinga fekk tilslutning frå arkeologen O. Møllerop (1967). Men det vart understreka at pollenanalytiske granskingar (Simonsen 1971) viste at dette vatnet var i ferd med å verta eit brakkvassbasseng alt kring 1100–1300 f.Kr. Det synest ikkje rimeleg at *Stavanger*-namnet skal vera så gammalt. Heller ikkje *Breiavatnet* er m.a.o. ein aktuell kandidat som *-angr* i bynamnet.

## 2.2. Knut Helles tolking

Den mest omfattande og fagleg djuptpløyande drøftinga av namnet *Stavanger* er gjeven av Knut Helle i boka *Stavanger – fra våg til by* (Helle 1975 s. 11–37). Etter ein grundig diskusjon og veging av argument for og (ofte) mot ulike framlegg når det gjeld mogleg real bakgrunn for føre- og etterleddet, konkluderer han med at det er «som kirkested og bispesete vi først presist kan lokalisere *Stavanger*». Vågen førte like inn til kyrkja (Svithun-kyrkja) og bispegarden: «Vågen er derfor å foretrekke som den opprinnelige *angr*» (op. cit. s. 37).

Når det gjeld føreleddet, konkluderer Helle: «Helst var det Valbergets bratte og iøynefallende skrent mot Vågen som gjorde den til *Staf-angr*» (loc. cit.). Fjellknausen Valberget (21 m o.h.) ligg på austsida av Vågen; mykje av fjellet er no sprengt bort for å gje plass til kai, gater m.m., bl.a. til gatelaupet Skagen.





Fig. 4. Føreledet i bynamnet *Stavanger* har kanskje bakgrunn i Valberget, her sett frå nord-vest. Biletet gjev eit inntrykk av den bratte og stripete kvartsitten i skrenten mot Vågen i vest. Foto: G. Wareberg (før 1917).

Men på gamle bilete kan ein ifølgje Helle få inntrykk av kor iaugefallande dette fjellet var tidlegare; det gjekk ned i sjøen på austsida av Vågen (jf. fig. 4).

### 2.3. Etter Knut Helle 1975

G. Holm har slutta seg til Helles tolking når det gjeld tydinga til bynamnet: «viken med klippbranten» (Holm 1991 s. 83). I boka *Stadnamn i Askvoll føreslår K. Flokenes* (1999 s. 25–29) derimot at det er Byfjorden frå Tungenes til Stavanger som er bakgrunn for etterleddet *-angr*. Føreleddet *Staf-* skal sikta til at denne fjorden har ei rett strandline og seglingslei. Tilsvarende forklaring skal høva for gardsnamnet *Stong* i Sunnfjord, gno. *Stafangr*. Bynamnet *Stavanger* – og andre norske *angr*-namn – blir m.a.o. sette i samband med båtferdsel – roing og sigling langs kysten i tidlegare tider. R. Frafjord (2009, 2020) og G.A. Skadberg (2020) har støtta synspunkta til Flokenes. Ei innvending mot denne tolkinga er at *angr*-namna i Rogaland gjennomgåande er nytta om mindre innbuktingar i strandlina, ikkje om lange og rette fjordar; avstanden mellom Tungenes og byen er meir enn 10 km.

Også lokalhistorikaren Finn Bringsjord (2009) avviser Helles tolking (jf. nedanfor) og viser til det gamle gardsnamnet *Eiganes* frå dette området. Han meiner – utan særleg argumentasjon – at føreleddet *Staf-* har bakgrunn i at ein produserte stav (eikestav) ved Breiavatnet. Arkeologen Frode Iversen (2020a s. 141) peikar på at det nær domkyrkja er gjort funn som kan indikera ein tidleg marknads plass, med mogleg etablering kring 950, men det er ikkje funne spor etter produksjon av eikestavar eller skipsplank. Det er såleis vanskeleg å slutta seg til Bringsjords tolkingalternativ.

I ein art. i fagtidsskriftet *Viking* (Iversen 2020a) og ein kronikk i *Stavanger Aftenblad* (Iversen 2020b) går Iversen inn for at føreleddet *Stav-* har bakgrunn i ein merkestein (peilestein) og grensestein (mellom gardane *Eiganes* og *Hetland*), kalla *Kongssteinen*, som tidlegare låg på eit høgdedrag ca. 550 m inn og opp frå Vågen. Iversen reknar altså med bakgrunn i menneskeleg aktivitet og kulturelle tilhøve, noko som må seiast å vera ei interessant og velkomen vinkling i denne diskusjonen. Denne store steinen, som tidlegare skal ha vore synleg frå Vågen, har seinare vorte sundsprengd og bortkøyrd. Iversens tolking fekk medieomtale og førte til fleire debattinnlegg, bl.a. i *Stavanger Aftenblad*. At nemnet *stav* skal ha bakgrunn i eit grensepunkt, kan ikkje utelukkast, men at den reale bakgrunnen skal vera ein markant stein som låg meir enn ein halv kilometer frå botnen av den vågen som er rekna som bakgrunn for etterleddet *-angr*, synest lite rimeleg. Tolkinga manglar gode parallellar. Som mogleg parallell nemner Iversen namnet *Fjellanger* i Lindås, som er sett i samband med eit fjell som ligg ein kilometer unna, men ifølgje Holm (1991 s. 153) siktar føreleddet i dette *angr*-namnet til ur- og steingrunn ved innlaupet til

vågen, noko som verkar rimeleg. At Torfæus i forklaringa av bynamnet har brukt ordet *scopulos* (jf. ovanfor), av Iversen tolka som «a projecting rock», kan knapt reknast som støtte for at Torfæus her siktar til Kongssteinen (Iversen 2020a s. 145). Også for *Stafangr*-namnet frå Askvoll drøftar Iversen (op. cit. s. 142 ff.) mogleg bakgrunn i ei gammal administrativ grenseline (ei skipreidegrense), men det er ikkje gjort greie for korleis namngjevinga i så fall skal ha skjedd, med primær- og sekundærnamn.

Det førebels siste bidraget i denne diskusjonen er ein art. i Frå haug ok heiðni (2021), der også Nils Jacobsen set føreleddet *Staf-* i samband med seglingstilhøve i tidlegare tider. Han peikar på at ein stav har to endepunkt, og han meiner at føreleddet i namnet *Stavanger* skal sikta til at ein kan sigla ut frå Vågen (som skal vera bakgrunn for etterleddet *-angr*) i to retningar, anten mot nord-vest eller mot sør-aust. Ei liknande forklaring skal ifølgje Jacobsen høva for det tilsvarande gno. *Stafangr*-namnet i Askvoll. Men ei slik tolking manglar parallellar i nordisk namnetilfang og synest svært søkt.

### 3. Ordet *stav* brukt om grensepunkt

I fleire norske stadnamn siktar ordet *stav* til 'grensepunkt'. Mange stader i Sør-Rogaland finn ein namnet *Stavstod* (nokre stader med lokal uttale /'stabsto:/); namnet er laga til appellativet *stavstod* 'grensepunkt' ( gjerne grensepunkt mellom meir enn to gardar), jf. Myhre 1953, Særheim 2007 s. 216, Iversen 2020a s. 142 ff. Ordet svarar til gno. *stafstóð*, jf. også gno. *stafstóði* med tilsvarande tyding. I si hovudfagsoppgåve om stadnamn frå Forsand nemner E. Molaug (1934) namnet *Stavstod* frå fem gardar (Nordland, Rettedal, Øvre Espedalen, Kommedal og Brådland), brukt om stader der grenseliner for tre gardar møtest. I Agder finn ein elles nemninga *hornstav* og *endestav* nytta om grensepunkt (NSL s. 424, Helle 1975 s. 19, 28, Hovstad 1980 s. 42 ff.).

I fleire sørvestnorske naturnamn ser nemnet *stav* ut til å vera brukt om grensepunkt. Den store og breie gravhaugen *Stavhaug* på Borsåk i Klepp ligg i grensa med grannegarden Hodne (Særheim 1980 s. 176). Det er ikkje noko ved forma til haugen som minner om ein ståande eller liggjande stav. Det kan likevel ikkje utelukkast at det har stått ein bautastein (ev. ein stokk) på haugen, men i dette området heiter haugar med bautastein gjerne *Pighaug*, medan bautastein vert kalla *pikhelle* f. Mest truleg siktar føreleddet *Stav-* i *Stavhaug* til at det går ei gardsgrense ved haugen.

To runde og låge holar som vert kalla *Stavholane* (fig. 5) ligg på garden Sele i Klepp, like ved grensa med grannegarden Byberg i Sola (Særheim 1980 s. 176). Dette er m.a.o. både ei gardsgrense og ei sokne- og heradsgrense. Etter



Fig. 5. Biletet viser den eine av dei to *Stavholane* på Sele i Klepp kommune. Føreleddet i namnet har etter alt å døma bakgrunn i at dei to holane ligg i grensa med grannegarden Byberg i Sola kommune. Foto: Inge Særheim.

alt å døma siktar føreleddet også i dette namnet til at holane ligg i ei gammal grenseline; nemnet *stav* er m.a.o. brukt i tydinga ‘grensepunkt’. Heller ikkje her kan det utelukkast at det tidlegare har vore ein reist stein eller stokk på holane til markering av grensa.

Indrebø reknar, som nemnt, med at føreleddet i fleire innsjønamn, som *Stavtjørn(a)* og *Stavtjern(et)*, sikar til at vedkomande tjørn har (minst) éi bein line. Tjørna ved skisenteret *Stavtjørn* i Bjerkreim (fig. 6) er grense mellom gardane Eik og Grøtteland; det er nærliggjande å setja føreleddet i namnet i samband med grenselina. Det er bratt fjell på eine sida av tjørna (Skibufjellet), så bakgrunn i topografien kunne tenkjast, men dette tykkjest vera lite utmerkjande; bratte fjellparti finst det nemleg mange stader i dette området.

Som nemnt har ein rekna med at føreleddet *Stav-* i mange svenske namn siktar til grensepunkt (SOL s. 301 f.). Tilsvarende bakgrunn er dessutan føreslått for nokre danske namn med dette føreleddet (DSt s. 271).

Ein må rekna med at naturnamn som *Stavhaug*, *Stavholane* og *Stavtjørn*, der føreleddet siktar til grensepunkt, er klart yngre enn eit namn som *Stavanger*, som kan først attende til hundreåra før vikingtida, kanskje laga alt i eldre jernalder. Det er likevel ikkje utenkjeleg at ordet *stav* er nytta om grensepunkt i nokre norske stadnamn som har høg alder. Det kan ikkje utelukkast at føreleddet i namnet *Stavanger* har bakgrunn i ei grenseline, men dette synest ikkje vera godt nok grunngeve i forskinga.



Fig. 6. Føreleddet i namnet *Stavtjørn* (Bjerkreim kommune) siktar truleg til at grensa mellom matrikkelgardane Eik og Grøtteland går midt i tjørna. Mindre rimeleg synest bakgrunn i det bratte Skibufjellet, for det er bratte fjell mange stader i dette området. Foto: Inge Særheim.

#### 4. Bakgrunn i bratt fjell?

Fleire forskarar, særleg Helle (1975), har argumentert for at føreleddet i *Stavanger*-namnet siktar til bratt fjell. Den beste kandidaten tykkjast i så fall vera Valberget (21 m o.h.), som tidlegare skal ha gått bratt ned i Vågen. Også Elgvin (1956 s. 47 f.) har argumentert for at føreleddet siktar til Valberget, men han meiner at byen har vakse fram frå Østervåg; dette skal ifølgje Ersland ikkje stemma med skriftleg eller arkeologisk kjeldemateriale (Ersland & Solli 2012 s. 49). Bruken av nemnet *stav* om bratt fjell har mange parallellar i norske stadnamn, slik Helle overtydande har vist. Fleire sørvestnorske *Stavnes*-namn ser ut til å sikta til bratte fjellformasjonar, bl.a. *Stavnes sør* på Halsnøy (no Stavanger kommune). Tydinga «klippstup» har ein, som nemnt, også rekna med i fleire svenske stadnamn med ordet *stav* som føreledd.

Det er også argumentert for at tolkinga 'bratt fjell' skal kunna høva for *Stafangr*-namnet i Sunnfjord (jf. NG 12 s. 246 f., Hovda 1964 s. 137, Helle 1975 s. 23 ff.). I tilknytning til gardsnamnet *Stong* i Askvoll (*i Stafangri a Fio-*

lum ca. 1375), som opphavleg skal sikta til den inste, noko smalare og rette delen av Stongfjorden, finn ein også andre namn med dette ordet: *Stavsnes*, *Stavenes(et)*, *Stavfjorden* og *Stavestrand*. I NG 12 (s. 246 ff.) presenterer A. Kjær fleire tankar om korleis namngjevinga kan ha føregått, men han peikar også på veikskapar med framlegga. Holm (1991 s. 173–176) føreslår ein måte å forstå namngjevinga på der ein ser alle namna i samanheng, med utgangspunkt i eit mogleg primærnamn gno. \**Stafar* (m. pl.), nytta om den bratte fjellveggen ytst på Staveneshalvøya. Real bakgrunn for ordet *stav* er visstnok etter Holm anten «klippvægg» eller «vikens form» (op. cit. s. 533 f.). Holm (op. cit. s. 699, note 18) og andre (bl.a. Helle 1975 s. 20 og Iversen 2020a s. 144) viser i grunnngjevingane sine til Hovda som skriv at den bratte fjellveggen ytst på Staveneshalvøya blir «nemnt som *Stavane* i sume fiskeméd vestpå havet» (Hovda 1964 s. 79). Men det synest vera grunn til å stilla spørsmål ved dette namnet, for Hovda oppgjev ikkje kven som er kjelda for opplysninga. Flokenes skriv at han «ikkje har funne dette namnet på namnelistene over fjellparti som høyrer til Staveneset», men han peikar på at dette kan ha samband med at namna på desse fjellpartia vart gjevne av dei fastbuande (Flokenes 1999 s. 27).

Når det gjeld gardsnamnet *Stavang* frå Kinn i Sunnfjord, der fleire forskarar også har rekna med gno. \**Stafangr* (A. Kjær i NG 12 s. 368, NSL s. 424, Flokenes 1999 s. 25 ff.), stiller Holm seg ut frå eldre skrivemåtar tvilande til at det kan vera tale om eit opphavleg *angr*-namn; han føreslår andre ord som etterledd (Holm 1991 s. 176 ff.). Han får støtte av O. Nes, som ut frå lokal uttale og eldre skrivemåtar har mest tru på Holms framlegg om gno. \**Stafhamarr* (Nes 1992/93 s. 105); dei andre alternativa til Holm blir avviste.

Topografien er nokså ulik på låglendte Nord-Jæren og i Sunnfjord, der ein finn typisk vestlandsnatur med djupe fjordar og høge, bratte fjell. Freistnadene på å tolka det sikre \**Stafangr*-namnet i Sunnfjord (*Stong*) synest ikkje gje eit klart svar når det gjeld samanlikning med og forklaring på det tilsvarande sørvestnorske namnet, men det tykkjest vera ein viss likskap i form mellom den inste smalare delen av Stongfjorden og Vågen inn frå Byfjorden til byen Stavanger (jf. nedanfor).

Flokenes, som kjem frå Askvoll i Sunnfjord, stiller seg tvilande til å setja *Stafangr*-namna i samband med bratte fjell, for ei slik tyding ville vera lite utmerkjande, særleg for namnet frå Sunnfjord, der det finst bratte fjell mange stader (Flokenes 1999 s. 27). Han har heller ikkje tru på at føreleddet i det sørvestnorske bynamnet har bakgrunn i bratt fjell, bl.a. fordi Valberget ligg langt inne i vågen og knapt var synleg for sjøfarande som sigla i leia utanfor. Til det kommenterer Ersland (Ersland & Solli 2012 s. 51) at det ikkje er sikkert at namnet vart gjeve av dei som sigla langs leia.

Det er her naturleg å spørja kor særmerkt ein etter måten liten fjellknaus i innseglinga i Vågen har vore. Helle siterer frå Christen Henriksen Prams reise-

skildring frå Stavanger i 1805, der han skildrar lendet kring Vågen: «Klipperne hæver sig, uden nogen forstrand eller flade, paa alle sider mere eller mindre steile...» (Helle 1975 s. 30), og Helle understrekar at ein ikkje treng tvila på «at det var mulig å assosiere fjell eller knauser med stående staver i Stavanger i gammel tid» (loc. cit.). Særleg den stripete og stavliknande forma til delar av Valberget synest kunna vurderast som namngjevingsgrunn (jf. fig. 4).

Bringsjord (2009) dreg i tvil truverdet til Pram i hans sterkt overdrivne skildring av norsk natur, noko som kan ha vore påverka av oppveksten hans på flate Sjælland. I skildringa av reisa mellom Sandnes og Stavanger omtalar Pram i aust og nordaust (truleg fjella langs austsida av Gandsfjorden, dei høgste på ca. 300 m o.h.): «den rædsomme kjæde av» himmelhøge fjell, nokre av dei med evig snø på toppane. Pram jamfører med fjelltoppane som ein finn i Romsdal og i Dovrefjell! Bringsjord peikar elles på at ein heller ikkje kan ha lit til attgjevinga av stupbratte fjell på eldre – meir eller mindre amatørverne – måleri. Elles skal utsprengingar i seinare tid ha gjeve bratte fjellskjeringar i berget ved Vågen. Bringsjord har inga tru på at bynamnet har bakgrunn i Vågen og Valberget, men foreslår, som nemnt, at føreleddet siktar til at ein produserte eikestav ved Breiavatnet.

## 5. Bakgrunn i langstrekt og noko rett form?

Ifølgje Flokenes (1999 s. 27) har bynamnet og det parallelle namnet frå Askvoll bakgrunn i «rette (eller beine) strandliner og reint farvatn i eit område som er så langt som staven rekk». Dei to vågane som synest vera bakgrunn for namna *Stavanger* og *Stong*, viser ytre likskap. Som nemnt, er bynamnet tolka på liknande måte – om ikkje heilt likt – av bl.a. Brøgger og Olsen (Brøgger 1915), Kjær i NG 12 (s. 246 ff.), Thorson (i de Fine s. 212: «den beine fjorden») og Stemshaug (1985 s. 70: «den beine vika»), jf. elles at ein i NSL (s. 424), som tek med fleire tolkingsfreistnader, skriv: «Den tradisjonelle oppfatninga, som kanskje framleis står sterkast, er at S. tyder «stavfjorden» og siktar til eit beint fjordlaup, truleg knytt til Vågen».

Føreleddet *Stav-* i fleire norske innsjønamn skal, som sagt, ifølgje Indrebø (1924 s. 187 f.) sikta til at lokalitetane er rette, eller til at dei i alle fall har éi bein side, noko som gjeld namn med etterledd som *-tjørn(a)*, *-tjern(et)*, *-sjø(en)* og *-vatn(et)*; han nemner fleire døme på slike namn og lokalitetar. Dette synest også gjelda nokre elvenamn med etterleddet *-å*. Også fjordnamnet *Stavfjorden* (bl.a. i Steigen) synest sikta til bein og smal form, altså jamføring med ein liggjande stav (K. Rygh i NG 15 s. 245, jf. også Nes i NSL s. 43). *Stavfjorden* i Steigen er også gardsnamn; denne fjorden er langstrekt og nokså smal og bein.

K. Rygh (loc. cit.), som også viser til dei parallelle *Stafangr*-namna, peikar på at indre delen av Stavfjorden «har en eiendommelig Bøining, som kan have foraarsaket Sammenligningen med en Stav» (NG 15 s. 245).

I Stavanger-området finst det truleg ein parallell til at eit fjordnamn som inneheld eit ord for ‘stokk, kjæpp’, har bakgrunn i rett form, nemleg *Gandsfjorden*, som går frå Sandnes (fjordbotn) til Stavanger (fjordmunning). Føreleddet har samband med det gamle sokne- og skipreidenamnet gno. *Gond* (*de Gond* 1298, latin, i *Gond* 1316, *Gandar* s. 1329), no med forma *Gand*; det er truleg skylt gno. *gandr* m. ‘kjæpp, stav, stokk’, vel med bakgrunn i at denne fjorden har rett form (Særheim 2007 s. 73).

I Fet (Akershus), ved innsjøen Øyeren, finst eit liknande namn, nemleg gardsnamnet *Gan* (skrive *Gand* og i *Gande* 1446), også det laga til gno. *gandr* m. ‘kjæpp, stav, stokk’, vel med bakgrunn i ei langstrekt innskjering – ein lang kil – frå Gansvika (NG 2 s. 235). Innskjeringa, som liknar ein kjæpp, smalnar av mot botnen av kilen. Nemnast kan også det språkleg skylde innsjønamnet *Gjende* (gno. *Gendir*) frå Jotunheimen; det har sameleis bakgrunn i at denne innsjøen – særleg den vestre delen – er nokså bein, altså med tydinga ‘den beine’. I same området finn ein innsjøen *Bygdin*, gno. \**Bygðir*, skylt gno. *bugr* m. ‘bøyg, bøying’, med tydinga ‘den bøyge’. Dei to innsjønamna kan vera gjevne i relasjon til kvarandre. Ordet *gand* m. ‘kjæpp, stav’ finn ein elles i fjellnamnet *Gandaknuden* (Nøland, Gjesdal), der føreleddet skal sikta til at den bratte nuten er «stavrett» (Molaug 1934 s. 59). Også ordet *stav* m. i fjellnamnet *Stavafjellet* (Øvre Espedalen) og i tjørnnamnet *Stavtjørna* (Brådland og Løland) frå dette området skal sikta til «rette linor» (Molaug 1934 s. 59); tjørna på Løland har ei vik som er bein og smal.

I fleire gamle gardsnamn har ein i NG rekna med at nemnet *stav* som føreledd er brukt om ein langstrekt, framskytande terrengformasjon (NG Indl s. 78). Ein finn dette ordet som føreledd i bl.a. *vin-*, *heim-*, *land-* og *set-*namn. Elles synest t.d. føreleddet i gardsnamnet *Stavanes* (Ølen, no Vindafjord) ha bakgrunn i eit lågt nes som stikk ut i fjorden, av Helle (1975 s. 25) omtala som «en horisontal, liggende stav?».

Helle (1975 s. 23) og Midbrød (1960, 1975) har diskutert bakgrunnen for føreleddet i øydegardsnamnet *Stavaland* ved Eigesvatnet (Bjerkreim, i grensa med Eigersund kommune). Førstnemnde meiner at det siktar til nokre bratte fjellformasjonar. Midbrød har med rette peika på at desse fjella ligg nokså langt (meir enn ein kilometer) frå Stavaland, og han meiner at real bakgrunn heller er eit særmerkt 800 m langt og rett nes som stikk ut i vatnet og nesten deler det i to. I folkeleg tradisjon er fremre delen av dette neset, kalla *Kammen*, omtala som hovudet til Olavsormen; det er ein freda naturformasjon, ein esker, som buktar seg nedover i dalen.





Fig. 7. Etterleddet i namnet *Stavanger* har truleg bakgrunn i Vågen inn til bykjerna med Svithun-kyrkja (domkyrkja) og bispegarden. Foto: Odd Inge Worsøe.

Valberget ligg på neset som stikk fram mellom Vågen og Østervåg i Stavanger. På den sida av neset som vender mot Vågen, finn ein også det gamle namnet *Skagen*, som opphavleg siktar til eit framstikkande nes (Helle 1975 s. 49). Også det gamle gardsnamnet gno. *Eikanes* frå dette området inneheld eit ord for ein terrengformasjon som stikk fram. Båe namna siktar venteleg til det nemnde neset mellom dei to vågane. Midbrød (1960, 1975) har, som nemnt, argumentert for at også føreleddet *Stav-* i bynamnet siktar til dette neset som stikk fram mellom vågane. Men det er her tale om eit breitt, noko butt og ikkje svært langt framspring, som knapt kan seiast å likna på ein liggjande stav.

Det synest overtydande at etterleddet i bynamnet har bakgrunn i Vågen (fig. 7). Olsen og Brøgger mfl. har, som nemnt, peika på at føreleddet siktar til «den temmelig smale vaags rette løp» (Brøgger 1915 s. 2). Det har vorte peika på at Vågen ikkje er snorbein; han er heller ikkje spesielt smal (men heller ikkje brei). Av moderne kart kan ein sjå at vågen bøyer seg svakt inn mot vågsbotnen. Det same kan ein seia om fleire andre lokalitetar – fjordar, innsjøar o.a. – som har namn som refererer til rett form, t.d. den omtala *Stavfjorden* i Steigen, jf. også *Gandsfjorden*, som bøyer seg svakt inne i fjordbotnen (kalla *Vågen*), og innsjøen *Gjende*, der karakteristikken ‘rett som ein stokk’ først og fremst synest gjelda for den vestre delen. Slike lokalitetar – eller delar av lokalitetane – har likevel blitt oppfatta som nokså rette av namngjevarane,

noko namna synest referera til. Kor breie slike lokalitetar er, varierer noko, frå Gandsfjorden, som er etter måten brei i den ytre delen, til den lange og smale kilen ved Gansvika; dette synest ikkje vera avgjerande.

I denne samanhengen er det interessant å leggja merke til at forma til Vågen skil seg klart frå forma til så godt som alle andre *anгр*-lokalitetar i Rogaland. Ved utfylling og utbygging har Vågen blitt noko smalare, så forma har endra seg noko. Men også av eldre kart kan ein sjå at vågen er tydeleg langstrekt, ikkje avrunda, men han smalnar av litt inn mot vågsbotnen (fig. 1). Innseglinga til vågen er open, ikkje trong; vågen vidar seg ikkje ut etter vågsmunningen. Nesten alle dei andre vågane i Rogaland som opphavleg har eit namn på *-anгр*, har eit trongt innlaup, men opnar seg opp innanfor, ofte med ei vid og noko avrunda form. Dette kan ein sjå av døme som Sandanger (fig. 8), Tananger, Leiranger, Lerang og Lindanger (jf. også Helle 1975 s. 14). Unntak frå dette er vågane som er bakgrunn for namn som *Stavanger* og *Jøssang* (Strand). Det sistnemnde er truleg opphavleg brukt om inste delen av Botnefjorden, som er open og smalnar av noko i botnen av fjorden. Det er elles av interesse i denne samanhengen at også tjørna like innanfor Vågen i Stavanger er namngjeven etter forma: *Breiavatnet* (jf. fig. 1 og 2). Båe lokalitetane kan vera namngjevne etter forma.

Det synest m.a.o. ikkje urimeleg at bynamnet *Stavanger* har real bakgrunn i forma til Vågen, som er open (ikkje brei), langstrekt og noko rett (t.d. mykje av den vestre strandlina), utan innsnevra opning og ikkje utvida etter innlaupet slik som dei fleste andre vågane med *anгр*-namn i Rogaland.

## 6. Sluttord

Gjennomgangen ovanfor har vist at ordet *stav* har ulike bruksmåtar i skandinaviske stadnamn. Vurderinga av ulike synspunkt og argument som gjeld den reale bakgrunnen for bruken av dette nemnet i bynamnet *Stavanger*, har kanskje ikkje gjeve eit eintydig svar. Nokre av framlegga til forklaring synest likevel vera betre grunnjevne enn andre. Det gjeld ikkje minst Helles framlegg om «Valbergets bratte og iøynefallende skrent mot Vågen» (Helle 1975 s. 37), spesielt den stripete forma til delar av fjellet (jf. fig. 4). Men det har kome innvendingar mot denne tolkinga som ikkje utan vidare kan avvisast. Bergknausane rundt Vågen og fjella som ein meiner kan ha vore bakgrunn for det parallelle namnet i Sunnfjord, vart kanskje ikkje oppfatta som spesielt utmerkjande for vel 1200 år sidan.

Den andre tolkinga som ein ikkje kan utelukka, er framlegget om at føreleddet siktar til den langstrekte, opne og noko rette forma til vågen som fører



Fig. 8. Vågen som har gjeve namn til *Sandanger* på Randøy (Hjelmeland kommune), har trongt innlaup, men vidar seg ut innanfor. Kjelde: Google Maps.

inn til området som byen voks fram frå. Denne spesielle forma skil seg, som sagt, frå det som er vanleg for vågar i Rogaland som har eit namn på *-angr*, og ho kan slik sett ha blitt oppfatta som utmerkjande. Holm (1991 s. 532 f.) nemner fleire vågar og fjordar med namn på *-angr* der føreleddet skildrar forma til lokalitetane, bl.a. ei langstrekt form. Av drøftinga ovanfor går det elles fram at også andre forklaringar av bynamnet fortener å bli vurderte, men dei treng

betre grunngeving. Siste ordet om bakgrunnen for bynamnet *Stavanger* er nok ikkje sagt. Diskusjonen vil vonleg halda fram.

## Litteratur

- Austrumdal, Sem, 1937–1938: Gardsoga for Stavanger. I: Stavanger Museum. Årbok. S. 73–88.
- Brønnsen, Mandius, 1939: Stedsnavn i Stavanger by og nærmeste omegn. Stavanger.
- Bringsjord, Finn, 2009: Stavanger – og staven. I: Stavangeren 1. S. 6–18.
- Brøgger, Anton Wilhem, 1915: Stavangers historie i middelalderen. Stavanger.
- Elgvin, Johannes, 1956: En by i kamp. Stavanger bys historie 1536–1814. Stavanger.
- Engen, Sig., 1955: Ja, hvor lå Staf-angr? I: Stavanger Aftenblad 28.5. 1955. S. 6.
- Erichsen, A.E., u.å. [ca. 1905]: Stavanger nærings- og forretningsliv i tekst og bilder. Kristiania.
- Ersland, Geir Atle & Solli, Arne, 2012: Stavanger bys historie 1. Bispesete og borgarby – frå opphavet til 1815. Stavanger.
- de Fine = de Fine, Bendix Christian: Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse. Med eit tillegg. Utg. av Per Thorson. 1952. Stavanger.
- Flokenes, Kåre, 1999: Stadnamn i Askvoll. Stavanger.
- Frafjord, Reidar, 2009: Stavanger-navnet kommer av formen på fjorden. I: Stavangeren 1. S. 23–26.
- 2020: Staven i Stavanger-navnet har en logisk forklaring. I: Stavanger Aftenblad 2.12. 2020. S. 28.
- Helle, Knut. 1975: Stavanger fra våg til by. Stavanger.
- Holm, Gösta, 1991: De nordiska *anger*-namnen. Lund. (Det Norske Videnskaps-akademi. 2. Hist.-filos. klasse. Skrifter. Ny serie 18.)
- Hovda, Per, 1955: Kva tyder *Stavanger*-namnet? I: Stavanger Aftenblad 20.5. 1955. S. 3.
- 1964: Stavanger og nokre andre namn. I: Stavanger Museum. Årbok. S. 77–82.
- 1972: Til norske øynamn. I: Det Norske Videnskaps-akademi i Oslo. Årbok. S. 10–19.
- Hovstad, Håkon, 1980: Gårdsgrenser. Et bosetningshistorisk hjelpemiddel? Oslo. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B. Skrifter 62.)
- Indrebø, Gustav, 1924: Norske innsjønamn 1. Upplands fylke. Kristiania. (Skrifter utg. av Det norske videnskaps-akademi i Oslo, 2. Hist.-Filos. klasse 1923:7.)
- Iversen, Frode, 2020a: Kongssteinen og navnet *Stavanger*. I: Viking. Norsk arkeologisk årbok 73. S. 119–155.
- 2020b: Debatten om Stavangers namn lever. I: Stavanger Aftenblad 19.12. 2020. S. 66.
- Jacobsen, Nils, 2021: Opprinnelsen til navnet Stavanger. I: Frå haug ok heiðni 2021:3. S. 33–36.
- Midbrød, Arvid, 1960: «Staven» i Stavanger-navnet og i andre stedsnavn. I: Ætt og heim. Årbok for Rogaland historie- og ættesogelag. S. 51–52.
- 1975: Ordet *stav* i noen norske stedsnavn. I: Ætt og heim. Årbok for Rogaland historie- og ættesogelag. S. 151–157.

- Mitssem, Pål, 2020: Jeg tror Stavanger fikk navnet sitt etter en penisstein. I: Stavanger Aftenblad 18.11. 2020. S. 32.
- Modéer, Ivar, 1936: Färdvägar och sjömärken vid Nordens kuster. Namntolkningar. Uppsala. (Arbeten utg. med understöd av Vilhelm Ekmans universitetsfond 45.)
- Molaug, Eldar, 1934: Stadnamni frå 28 gardar i Fossan (Forsand) herad i Rogaland. Utrykt hovudfagsavhandling. Universitetet i Oslo.
- Myhre, Albert, 1953: Stabsto. I: Ætt og heim. Årbok for Rogaland historie- og ættesogelag. S. 45–58.
- Møllerop, Odmund, 1967: Stavanger. I: Frá haug ok heiðni 1967:2. S. 25–36.
- Nes, Oddvar, 1992–1993: Melding av Holm 1991 (sjå denne). I: NN 9/10. S. 99–107.
- Nyman, Eva, 1992: Det bohuslänska sockennamnet *Harestad*. I: Sakrale navne. Rapport fra NORNAs sekstende symposium i Gilleleje 30.11. – 2.12. 1990. Red. av Gillian Fellows-Jensen & Bente Holmberg. Uppsala. (NORNA-rapporter 48.) S. 199–219.
- 2000: Nordiska ortnamn på *-und*. Uppsala. (Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi 70. Studier till en svensk ortnamnsatlas 16.)
- Olsen, Magnus, 1915: Hedenske kultminder i norske stedsnavne 1. Kristiania. (Videnskapselskapets skrifter 2. Hist.-filos. klasse 1914. 4.)
- Rygh, Oluf, 1896: Norske Fjordnavne. I: Sproglig-historiske Studier tilegnede Professor C. R. Unger. Kristiania. S. 30–86.
- Simonsen, Asbjørn, 1971: Breiavatnet og Stavangers eldste historie. I: Stavanger Museum. Årbok. S. 39–49.
- Skadberg, Gunnar A., 2020: Staven i bynavnet kommer frå en rett kystlinje. I: Stavanger Aftenblad 20.11. 2020. S. 35.
- Solheim, Ludvig, 1940: Stavanger og nermaste oppland i gamal tid. I: Rogaland historielag. Årsskrift. S. 6–12.
- 1947: Stavanger – Kalhammerodden, «Død og oppstandelse». I: Rogaland historielag. Årsskrift. S. 68–71.
- Stavanger Aftenblad. 1893 ff. Stavanger.
- Steinnes, Asgaut & Vandvik, Eirik, 1965: Latinsk ordbok. 2. utg. Oslo.
- Stemshaug, Ola, 1985: Namn i Noreg. Ei innføring i norsk stadnamngransking. 3. utg. Oslo.
- Storm 1881 = Samlede Skrifter af Peder Claussøn Friis. Udg. af Gustav Storm. Kristiania.
- Storm 1895 = Historisk-topografiske Skrifter om Norge og norske Landsdele, forfattede i Norge i det 16de Aarhundrede. Udg. af Gustav Storm. Kristiania.
- Særheim, Inge, 1980: Stadnamn i Klepp. Om namngjeving av busetnad og hagar i ei Jær-bygd i andring. Stavanger. (Rogalandsforskning. Rapport nr. 57/80.)
- 2007: Stadnamn i Rogaland. Bergen.
- Torp, Alf, 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.
- Vikstrand, Per, 2001: Gudarnas platser. Förkristna sakrala ortnamn i Mälärlandska-pen. Uppsala. (Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi 77. Studier till en svensk ortnamnsatlas 17.)
- Vågslid, Eivind, 1963: Stadnamntydingar 1. Oslo.
- 1974: Stadnamntydingar 2. Oslo.

## Summary

### Bynamnet *Stavanger*

*By Inge Særheim*

There has been much discussion about the origin of the city name *Stavanger*, Old Norse *Stafangr*, in south-west Norway. There is consensus that the final element is from the Old Norse *\*angr* m., meaning 'bay', 'fjord' and that the first element is from the Old Norse *stafr* m. 'stick', 'pole', however, there are various suggestions regarding what lies behind these words. This article presents and discusses some previous interpretations, e.g., whether the first element refers to a special boundary mark, to a steep mountainside, or to a bay or fjord with a straight formation.

The word *stav* m. is used in different ways in Scandinavian place names, including boundary markers and about mountains and other topographical features showing resemblance with standing or lying sticks. O. Rygh (1896) states that the name *Stavanger* refers to a small fjord or bay, most likely the present Vågen, and A.W. Brøgger and M. Olsen add that the first element refers to this bay's straight formation (Brøgger 1915). In contrast, K. Helle (1975) suggests that the first element refers to a steep mountain (Valberget) on the eastern side of the bay. G. Holm (1991) agrees with Helle.

The shape of Vågen bay differs from the shape of other bays in Rogaland whose names end in the Old Norse *-angr*. Vågen is relatively straight (especially parts of the western shore). Other bays with a name ending in the Old Norse *-angr* have a narrow opening that widens inside with a more rounded shape. The shape of Vågen bay might have been regarded as special compared with other bays with an *angr*-name in this area; this could be the background of the name Old Norse *Stafangr*.